
Saknr: 2020/45563-2
Saksbehandlar Erlend Hofstad
Dato: 30.03.2020

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Statusrapport – oppfølging forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga

Fylkesrådmannen viser til forvaltningsrevisjonen av kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune, som vart gjennomført av Deloitte AS i perioden mars 2018 til februar 2019. Basert på funn og tilrådingar i rapporten, bad Fylkestinget på møte i juni 2019 fylkesrådmannen syta for å laga ein prioritert handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvar for iverksettinga. Handlingsplanen vart handsama av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25. november 2019, som gjorde følgjande samrøystes vedtak:

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune fortsette å arbeide vidare med forbetningspunkta etter forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning, som ein del av førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
- 2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetningspunkta i forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltninga er ivareteke i den nye fylkeskommunen.*

Som oppfølging av vedtaks punkta legg fylkesrådmannen fram ein rapport om oppfølginga av punkta i handlingsplanen.

Generell kommentar

Den nye internstrukturen på Avdeling for kultur, idrett og inkludering: Seksjon for kulturarv med tre faggrupper leia av kvar sin fagleiar, er iverksett. Faggruppene har sidan i haust arbeidd med korleis ein konkret skal løyse eksisterande og nye oppgåver: samkøying av tidlegare praksis, rutinar og malar og utarbeiding av nye, nærare fordeling av ansvar og oppgåver, samhandlingsrutinar osb. Mange av tiltaka i handlingsplanen inngår heilt eller i stor grad i desse prosessane. Nokre tiltak må sjåast i samheng med, og er mest tenleg å utføra som del av større tiltak som òg involverer andre seksjonar. I handlingsplanen fekk tiltak 4, 5 og 6 første prioritet, og tiltak 1 og 2 andre prioritet.

Undervegs i arbeidet med å følgja opp forbetningspunkta har det vist seg at fleire av desse mest tenleg kan løysast på andre måtar enn det som var tenkt i handlingsplanen som vart lagt fram hausten 2019. Difor vert òg tidsramma for gjennomføring endra. Dette vert kommentert under dei einskilde tiltaka nedanfor.

Tiltaka er i stor grad gjennomført, trass i utfordringar med kapasitet i ein periode der ein har vore i vanleg drift, samstundes som ein har gjennomført samanslåingsprosessar og flytting til Sandsli for store delar av personalet. Ekstraarbeid forårsaka av omlegging av IT-system og koronasituasjonen med heimekontor har i forsinka deler av gjennomføringa av arbeidet.

1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak

Tiltak: Det vert laga ei samla oversikt over mål og tiltak i kulturminneforvaltninga, der det vert tydeleggjort korleis mål og tiltak i den regionale kulturplanen med handlingsprogram relaterer seg til dei nasjonale måla, og korleis nasjonale mål innan feltet skal følgjast opp i ein regional kontekst. Dette vert gjort som del av arbeidet med nytt handlingsprogram 2020 for dei regionale kulturplanane.

Gjennomføring: opphavleg planlagt at handlingsprogram 2020 vert handsama av Fylkestinget desember 2019.

Ansvarleg: David Aasen Sandved

Status 25. mars 2020:

Både den nasjonale og regionale kulturminnepolitikken er i omfattande utviklingsprosessar no. Våren 2020 vil Klima- og miljøverndepartementet leggje fram ny stortingsmelding om den nasjonale kulturminnepolitikken, der det er venta nye mål i den nasjonale kulturminnepolitikken. Regjeringa har i forkant av stortingsmeldinga fremja forslag om fylgjande nye, nasjonale mål:

- Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.
- Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.
- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Regionale planar vil innrettast dei komande måla. Fylkestinget skal vedta ny regional planstrategi i løpet av første år etter fylkestingsvalet. I Vestland vert det no arbeida med ny regional planstrategi, Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, som vil ta stilling til strategiar og planbehov. Fylkesrådmannen har tilrådd at regional plan for kultur vert revidert i planperioden.

Kulturplanane for Hordaland og Sogn og Fjordane vert gjeldande fram til ny plan vert vedteken. Avdeling for kultur, idrett og integrering avgjorde å ikkje legge fram sak om gjeldande kulturplanar og eit handlingsprogram for 2020 i Fylkestinget i desember 2019. Gjennomføringa av tiltaket kan tidlegast gjerast i samband med handsaming av dei regionale kulturplananes handlingsprogram for 2021. Vidare må ein vurdere om tiltaket bør vente til ny nasjonal og regional kulturminnepolitikk vert etablert.

2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga

Tiltak: Den årvisse politiske saka om prioriteringar for kulturminneforvaltninga vil innehalde ein eigen del, der det eksplisitt og meir utførleg vert rapportert for oppnådde resultat og nøkkeltal for siste år, i høve til mål, tiltak og prioriteringar på kulturminnefeltet.

Gjennomføring: opphavleg planlagt at politisk sak vert handsama av Hovudutval for kultur, idrett og integrering i februar 2020

Ansvarleg: David Aasen Sandved

Status 25. mars 2020:

Avdeling for kultur, idrett og integrering har fått analyseselskapet Oxford Research til å utarbeida eit forprosjekt for statistikk og rapportering i kultur- og idrettsfeltet i Vestland fylke. Forprosjektet gjer framlegg om å utvikle eit eige mål- og resultatstyringssystem (MRS-system) for avdelinga. Systemet er eit monitorerings- og evalueringssystem som vil sikre betre styringsinformasjon for heile avdelinga. Vidare arbeid med eit slikt overordna system vert prioritert framføre eiga enkeltsak om prioriteringar for kulturminneforvaltninga. Hovudprosjekt for statistikk og rapportering i kultur- og idrettsfeltet i Vestland fylke vert finansiert frå budsjett for 2020.

3. Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga

Tiltak a: Det vert halde ein halvdags arbeidsverkstad om arbeidsprosessar i kulturminneforvaltninga og førebuing av ny organisering i VLFK, saman med stab på avdelinga.

Gjennomføring: medio november 2019.

Ansvarleg: Inger Lena Gåsemyr

Status 25. mars 2020:

Seksjonen har førebudd ny organisering i Vestland fylkeskommune med fleire seksjonssamlingar og vidare arbeid i fageiningane frå oktober til desember 2019. Tiltaket vert rekna som gjennomført.

Tiltak b: Det vert gjennomført ein ROS-analyse etter HFKs mal, med hovudvekt på dei lovpålagte forvaltningsoppgåvene på kulturminnefeltet
Gjennomføring: opphavleg planlagt medio februar 2020
Ansvarleg: Fagleiarane (kvar for si faggruppe)

Status 25. mars 2020:

ROS-analyser for kvar faggruppe var planlagt gjennomført i mars 2020 og er gjennomført for feltarkeologi. Grunna koronasituasjonen med heimekontor måtte dette flyttast for dei to andre faggruppene, og er no planlagt gjort medio april/mai 2020.

4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator

Tiltak: I samband med fylkessamanslåinga er det etablert ein ny organisasjonsstruktur på seksjonen, m.a. med fagleiarar i staden for fagkoordinatorar. Dette vil gi ei tydelegare rolle- og ansvarsfordeling mellom nivåa. Som ein del av førebuinga til fylkessamanslåinga vert oppgåvefordeling, ansvarstilhøve og godkjenningsrutinar gjennomgått i full breidde, med involvering av alle tilsette på seksjonen.

Gjennomføring: Primo oktober 2019 (oppstart på seksjonssamling 3.10.) - 20.12.2019.

Ansvarleg: Seksjonsleiar og fagleiarane

Status 25. mars 2020:

Fylkesrådmannen godkjente den 13.01.2020 *Administrativt delegeringsreglement*. Vidare delegering til seksjon Kulturarv og fageining arealplan er internt avklart på avdelinga, og ventar no implementering i administrasjonen. Fageiningane på Kulturarv har etablert årsplanar for 2020, der mellom anna seksjonen sitt handlingsprogram 2020 inngår og rolle- og oppgåvedelinga er tydeleggjort. Godkjenningsrutinar i ny organisasjon kom på plass i februar 2020. Tiltaket vert vurdert som gjennomført når delegeringsreglementet kjem på plass, slik at dei endelege godkjenningsrutinane kan etablerast.

5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningslinjer, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for

Tiltak: Det er utarbeidd eit samla dokument med oversikt over arbeidsoppgåver og tilhøyrande retningslinjer, rutinar og malar.

Gjennomføring: Dokumentet vert lagt inn i Kvalitetsportalen innan 15.10.2019

Ansvarleg: Jostein Aksdal

Status 25. mars 2020:

Oppgaveoverføringa frå Riksantikvaren har gitt seksjonen mange nye oppgåver. Saman med fylkessamanslåinga og ny internorganisering på seksjonen var det trong for ein større revisjon av rutinedokumentet som vart laga i 2019. Arbeid med nye rutinar og malar pågår i faggruppene, jf. tiltak 6a og b. Når dette arbeidet er ferdig vert dette stilt saman i eit overordna dokument, som vert lagt inn i kvalitetsportalen.

6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha

Tiltak a: Eksisterande og nye rutinar og malar vert drøfta i kvar av dei nye faggruppene.

Gjennomføring: Oktober 2019 - januar 2020

Ansvarleg: Fagleiarane (kvar for si faggruppe)

Tiltak b: Rutinedokumentet vert rullert kort etter fylkessamanslåinga, for å samkøyra rutinane i HFK og SFFK, få inn rutinar knytt til nye oppgåver, og klargjere rolle- og oppgåvefordeling etter samanslåinga.

Gjennomføring: Rullering innan 1.2.2020

Ansvarleg: Fagleiarane (kvar for si faggruppe)

Status 25. mars 2020:

Felles for tiltak a og b:

For å systematisk sikre at alle fylkeskommunale dokumentet med rutinar og malar er oppdaterte, har administrasjonen gjennomført endringar i det nye kvalitetssystemet, slik at revisjonsfrist no skal leggest inn i alle dokument. Varsling av ny revisjon er automatisert. Ved utskrift frå systemet vil revisjonsfrist vere opplyst i eige felt i botnteksten.

Dei tre faggruppene på seksjonen byrja allereie hausten 2019 å arbeida med korleis ein konkret skal løyse eksisterande og nye oppgåver: samkøying av tidlegare praksis, rutinar og malar og utarbeiding av nye, nærare fordeling av ansvar og oppgåver, samhandlingsrutinar osv. Dette arbeidet har vore ein laupande aktivitet etter årsskiftet. Det er m.a. laga nye rutinar for tilskotshandsaminga i kvar einskild tilskotsordning. Rettleiar for bruk av drone til kulturhistorisk feltarbeid er eit anna døme. Det vert jobba med nye rutinar og malar for handsaming av plansaker og andre søknadspliktige tiltak som gjeld plan- og bygningslova. Store utfordringar knytt til fordeling av saker og sakshandsamingssystem har forsinka denne prosessen.

Teams vert no nytta som samhandlingplattform for seksjonen, og dei einskilde rutinedokumenta, eksisterande og nye, vert fortløpande lagt inn der.

Det skal òg nemnast at Riksantikvaren har utarbeidd nye retningslinjer, brevmalar mm for mange saksfelt og oppgåver i kulturminneforvaltinga. Desse er tilgjengelege for regionalforvaltinga på Riksantikvaren sin nettstad.

7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea

Tiltak: Retningslinjene for tilskotsordninga vert revidert, med tydelegare kriterium for tildelinga. Gjennomføring: Politisk sak om reviderte retningslinjer vert handsama av Hovudutval for kultur, idrett og integrering seinast i juni 2020
Ansvarleg: Eva Moberg

Status 25. mars 2020: Det pågår arbeid med førebuing av politisk sak om reviderte retningslinjer for tilskotsordninga "Museumsløft". Ordninga skal gjerast gjeldande for alle dei konsoliderte musea i Vestland. Parallelt med dette arbeidet vert det laga ein politisk sak der ein går igjennom det samla museumsfeltet i Vestland med hovudvekt på å vise organisering, eigarstruktur og framtidig arbeid med ein samla museumspolitik i Vestland.

8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker

Tiltak a: Det er utarbeidd ein mal og rutine for førebels svar i dispensasjonssaker. Gjennomføring: Tiltaket er utført september 2019
Ansvarleg: Erlend Hofstad

Status 25. mars 2020: Tiltaket er utført

Tiltak b: I samarbeid med Fylkesarkivet vert det arbeidd for å få ePhorte som sak- og arkivsystem til å gi betre oversikt over fristar og påminning til sakshandsamarar. (Eit nytt sakshandsamarverktøy for alle typar freda kulturminne, DigiSak, er under utvikling hjå Riksantikvaren og er planlagt teke i bruk frå hausten 2020. Det er planlagt oppbygd slik at sakshandsaminga vert mest mogleg oversiktleg og forenkla.)
Gjennomføring: opphavleg planlagt innan 1.12.2019
Ansvarleg: Inger Lena Gåsemyr

Status 25. mars 2020:

Det er store utfordringar knytt til ePhorte når det gjeld brukaroppleving og funksjonalitet i den nye organisasjonen. ePhorte gjev ikkje god nok oversikt over saker og fristar og påminning til sakshandsamarar. Ein god del saker kjem inn etter at fristen har gått ut, vert ført feil i ePhorte eller kjem ikkje inn i det heile tatt. Dei som skal fordele saker til sakshandsamarar i ePhorte må kunne fordele til fleire sakshandsamarar i duplikat, direkte til sakshandsamarane, for å unngå forseinking med omsyn til fristar. Dette gjeld særleg dispensasjonssaker og andre søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova. Det må på plass betre dialog mellom brukarar av ePhorte og systemutviklarar. Det er fortløpande dialog med avdeling for infrastruktur og veg, seksjon for forvaltning og utgreiing og avdeling for strategisk utvikling og digitalisering for å søke å finne løysingar på desse problema.

Det er framleis planen at DigiSak vert rulla ut hausten 2020 i dei fylkeskommunane som ikkje har teke det i bruk enno (dvs. alle som har vore gjennom fylkessamanslåing). Dette vert styrt av Riksantikvaren.

9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar

Tiltak: Dette inngår i ei full gjennomgang av vedtaksmynde på kulturminnefeltet, som vert gjort som del av arbeidet med nytt delegeringsreglement for VLFK.

Gjennomføring: Seksjonen har levert innspel til nytt delegeringsreglement, som vert handsama av fylkestinget medio oktober 2019

Ansvarleg: David Aasen Sandved

Status 25. mars 2020:

Tiltaket er gjennomført og vedtatt i *Reglement for folkevalde organ og delegering* og i *Administrativt delegeringsreglement*.